

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
030/19	Formannskapet	PS	15.05.2019
026/19	Heradsstyret	PS	28.05.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Åge Færstrand	14/133

Forskrift om feie- og tilsynstenester, Osterøy kommune, Hordaland

Vedlegg:

Forskrift om feie- og tilsynstenester, Osterøy kommune, Hordaland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune gjer vedtak om å leggja lokal forskrift om feie- og tilsynstenester ut på høyring, jf. forvaltningslova §37, jf. Forskrift om brannforebygging, brann- og eksplosjonsvernlova §28.»

Formannskapet - 030/19

FS - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes tilrådd.

FS - vedtak:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

«Osterøy kommune gjer vedtak om å leggja lokal forskrift om feie- og tilsynstenester ut på høyring, jf. forvaltningslova §37, jf. Forskrift om brannforebygging, brann- og eksplosjonsvernlova §28.»

Heradsstyret - 026/19

HS - behandling:

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling vart samråystes vedteke.

HS - vedtak:

«Osterøy kommune gjer vedtak om å leggja lokal forskrift om feie- og tilsynstenester ut på høyring, jf. forvaltningslova §37, jf. Forskrift om brannforebygging, brann- og eksplosjonsvernlova §28.»

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Feiarane utfører arbeid etter heimel i forskrift om brannførebygging.

Feiing – Reingjering av røykkanalar i fyringsanlegg og uttak av sot.

Tilsyn – Tilsyn med at fyringsanlegget er intakt, verkar som forutsett og er tilfredsstillande sikra mot brann og annan skade, og at bestemmelser gjeve i eller i medhald av brann- og ekspløsjonsvernlova vert fulgt. Tilsyn femnar også eventuelle reaksjonar etter tilsynet.

Ved å utdjupe brann- og ekspløsjonsvernlova si fastsetjing, samt utvide tilsynet til også å gjelde persontryggleik, informasjon om rett fyring og brannfare ved bruk av eldstadar, sløkkjemidlar og varsling, vil det også vera mogeleg å utvide reaksjonsfeltet etter tilsynet.

[LOV-2002-06-14-20-§28, FOR-2015-12-17-1710](#)

Bakgrunn

Føremålet med denne forskriften er å oppfylla og utdjupe brann- og ekspløsjonsvernlova si fastsetjing om feiing og tilsyn. Forskriften skal styrke gjennomføringa av det brannførebyggjande arbeidet i bustader og andre bygningar gjennom reglar om feiing og tilsyn med fyringsanlegg i tråd med kartlagt risiko.

Vurdering

Rådmann vurderer at Osterøy kommune bør innføra lokal forskrift som gjeld *utvida* tilsyn med persontryggleik, informasjon om rett fyring, og brannfare ved bruk av eldstadar.

Folkehelse

Rett fyring gjev reinare utslepp betre miljø, som har positiv innverknad på helsa.

Miljø

Rett fyring gjev reinare utslepp og betre miljø.

Økonomi

Rett fyring gjev betre utnytting av ved, og meir økonomisk fyring.

Konklusjon

Rådmann tilrår at Osterøy kommune bør innføra lokal forskrift som gjeld *utvida* tilsyn med persontryggleik, informasjon om rett fyring, og brannfare ved bruk av eldstadar.

